

---

Saksnr: 2020/71722-5  
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth  
Dato: 04.03.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Regional plan kultur, idrett og friluftsliv - Orientering om medverknad i prosessen

Vestland fylkeskommune er regional planstyresmakt og utarbeider regionale planar i kraft av det planmynde vi er gitt i plan og bygningslova § 3-4, der ein m.a. seier at regional planstyresmakt har ansvaret for, og leiinga av, arbeidet med regionale planar.

§ 8-3 skisserer at ved utarbeiding av regional plan skal regional planstyresmakt samarbeide med offentlege styresmakter og organisasjonar. Statlege organ og kommunar har rett og plikt til å delta i planlegginga når den vedkjem deira verkeområde eller eigne planar og vedtak.


Sjølv om fylkeskommunen er planstyresmakt er ikkje ein regional plan fylkeskommunen sitt eige planverktøy, men eit utviklingsverktøy for regionen.

### Medverknad

Medverknad i dette planarbeidet vil i hovudsak dreie seg om tre løp:

- Offentleg ettersyn og høyring, som er formelle milepålar der forslag vert sendt ut til open høyring etter fristar sett av plan og bygningslova.
- Samarbeid, gjennom brei deltaking frå dei regionale aktørane i styringsgruppe og arbeidsgrupper
- Medverknad gjennom høyringsmøte, arbeidsmøte og dialog med den regionale partnerskapen.

Dette vil oppfylle plan og bygningslova sine krav til medverknad. Gjennom offentlegheit i forvaltninga, god informasjon i heile planprosessen via heimeside og kunngjeringar, samt ein transparent prosess vil ein løfte medverknadsnivået i prosessen. Dette kan illustrerast gjennom medverknadstrappa som viser grad av involvering og påverknad.




Figuren viser medverknadstrappa. Lågaste nivå er å få innsyn, mens medverknad på høgste nivå er sjølvstyre. (S. Arnstein, 1969).

Gjennom planarbeidet er målet å legge til rette for stor grad av involvering frå aktørane ute, og stor grad av innflytelse.

### På veg mot ei ny kommunerolle

Kommunesektoren, dvs. kommunane og fylkeskommunane er på veg inn i ei ny rolle, det som vert kalla Kommune 3.0 eller samskapingskommunen. Dette kan illustrerast slik:



Her løfter ein samhandlinga og samskapinga oppover medverknadsstigen til dei øvste nivåa deltaking, medbestemming og sjølvstyre. Sidan regionale planar legg felles grunnlag for arbeid innan alle forvaltningsnivå og privat verksemd i Vestland er det viktig at vi held medverknad på eit godt og tenleg nivå, der ein utfordrar aktørane i regionen til å delta i ei beskriving av utfordringsbilde, moglegheiter, framtdisvisjonar og strategar for å kome dit vi ønskjer. Samtidig er det også viktig å halde medverknadsprosessane på eit relevant nivå der ein ikkje legg for stort ansvar på aktørane.

Medverknad manifesterer seg på mange felt:

- Involvering av dei formelle medverknadsorgana også i eit prøveprosjekt
- Høyrings- og innspelsmøte i samband med høyring av planprogram (16.03.21) og plandokument (vinter/vår 2022)
- Samarbeid gjennom brei deltaking i utarbeiding av mål, satsingar og handlingsprogram
- Politisk involvering gjennom saksordførar, orienteringar under vegs i KULII, høve til deltaking i høyringsmøter og arbeidsseminar

Fylkesrådmannen inviterer eit breitt og representativt utval inn i ei styringsgruppe for planarbeidet. Målet er å ha styringsgruppa på plass før sommaren. Denne er planlagt samansett av representantar frå:

- Kommunane
- Statsforvaltar Vestland
- Repr. Frivillig sektor
- Repr. Profesjonelt kulturliv
- Repr. Kunst og kulturinstitusjonar

Administrative arbeidsgrupper innan relevante fagområde og satsingsområde vert oppretta. Desse vert sett saman av representantar frå det breie kulturlivet. Desse gruppene vil bli etablert tidleg haust 2021.

I tillegg til desse formelle etableringane tek ein i mot dei innspel frå den det måtte gjelde i løpet av perioden og handterer desse inn i planarbeidet.